



Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Sande Kro g hotell
Dato: 26.09.2019
Tid: Kl. 10:00

Følgjande medlem møtte:

Mathias Råheim	ordførar	Parti:
Anita Eide Kvamme	varaordførar	H
Laila Oppedal	medlem	DNA
Anne Kristin Lilleaasen	medlem	DNA
Aud Marit Hage	medlem	H
Britt Aarbergsbotten	medlem	H
Håvard Senneset	medlem	H
Jarl Tyssekvam	medlem	H
Margunn Nistad	medlem	H
Jarle Arvid Aase	medlem	KRF
Norunn Lunde Furnes	medlem	KRF
Arne Aarbergsbotten	medlem	SP
Atle Hoff	medlem	SP
Aud Irene Søgner	medlem	SP
Erlend Brede Fossen	medlem	SP
Johnny Kårstad	medlem	SP
Kari Iren Birkeland	medlem	SP
Ole Magnus Mo	medlem	SP

Varamedlemmar:

Sara Marie Horsevik	Parti:
Eirik Sunde	DNA
Eldrid Skudal	SP
	SV

Forfall:

Arild Horsevik	Parti:
Sølvi Irene Søgner	DNA
Heidi Vallestad	SP
	SV

Merknader:

Møteleiar:	Mathias Råheim
Møtesekretær:	Anne Karin Folkestad

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
055/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
056/19	Godkjenning av protokoll
057/19	Referatsaker
058/19	Fråsegn til høyring av nasjonal ramme for vindkraft
059/19	Finansiering FV57
060/19	Godkjenning av delavtale mellom Gaular kommune og Helse Førde som gjeld - Tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus
061/19	Tildeling av einerett til Sunnfjord Miljøverk IKS - kommunalt næringsavfall og slam
062/19	Tildeling av einerett til Sunnfjord Miljøverk IKS - tømning av slam
063/19	WIFI4EU - Utbygging av gratis WiFi gjennom støtteordning
064/19	Overdraging av heimelsrett Gbnr. 75/16 Sande kyrkjelydshus
065/19	Overføring av heimlar til Gaular Sokn

055/19: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjend

26.09.2019 Kommunestyret

Handsaming:

Anita Eide Kvamme og Brit Aarbergstøttan vart valde til å skrive under møteboka.
Sweco møtte og orienterte om Sande skule - nybygg/rehabilitering.
Orienteringa ved kommunalsjef Kjell Idar Dvergsdal "Leve heile livet" går ut og vert orientert om på neste møtei kommunestyret.

KS- 055/19 Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

056/19: Godkjenning av protokoll

Framlegg

Protokollen vert godkjend slik den ligg føre.

26.09.2019 Kommunestyret

Handsaming:

Protokollen frå

KS- 056/19 Vedtak:

Protokollen frå *"skriv inn dato for protokollen"*

057/19: Referatsaker

26.09.2019 Kommunestyret

Handsaming:

Refsak 1:

Kommunedirektør Ole John Østenstad møtte og orienterte om fordeling av arbeidsoppgver mellom kommunestyra ved overgang til ny kommune.

Referatsakene vart tekne til vitande

KS- 057/19 Vedtak:

Referatsakene vart tekne til vitande

058/19: Fråsegn til høyring av nasjonal ramme for vindkraft

Rådmannen si tilråding:

Gaular kommunestyre krev at områda i Gaular kommune vert tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft. Det er knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging i desse fjellområda, og NVE har ikkje grunnlag for å seie at området er mindre konfliktfylt enn andre område i landet.

Gaular kommune oppmodar OED om å legge fram ei sak for Stortinget der vindkraftutbygging i nedslagsfeltet for verna vassdrag vert vurdert.

05.09.2019 Utval for Næring og Teknisk

Handsaming:

Dei siste innspel til saka vart ettersendt og delt ut i møtet.

Utvalet meiner at uttalen bør endrast på følgjande punkt: "...NVE har ikkje nok grunnlag..." Samrøystes med endring.

NTE- 046/19 Vedtak:

Gaular kommunestyre krev at områda i Gaular kommune vert tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft. Det er knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging i desse fjellområda, og NVE har ikkje nok grunnlag for å seie at området er mindre konfliktfylt enn andre område i landet.

Gaular kommune oppmodar OED om å legge fram ei sak for Stortinget der vindkraftutbygging i nedslagsfeltet for verna vassdrag vert vurdert.

05.09.2019 Utval for Oppvekst og Kultur

Handsaming:

Det vart delt ut to dokument i møtet. Dokumenta var brev frå Informasjonskomiteen mot vindkraft i Fjaler, Gaular, Hyllestad og Høyanger og brev frå Hestadgrend grendelag. Fråsegn - Vedkomande planar om vindkraftutbygging i fjella mellom Gaular og Høyanger frå grunneigarar i Gaular: Olav Vågen, Aud Øvrestrand, Harry Årli, Per Lien, Ingunn Kjelstad, Marit Svortevik, Karsten Hestad og Steinar Følid.

Skriv 2: Om Nasjona ramme for vindkraft, område 19 i Fjaler, Gaular, Hyllestad og Høyanger frå Informasjonskomiteen mot vindkraft i Fjaler, Gaular, Hyllestad og Høyanger v/ styret Det eine dokumentet, "Nasjonal ramme for vindkraft" var tidligare sendt ut elektronisk som tilleggsinnkalling.

Etter sams drøfting kom utvalet ved leiar med følgjande merknad til rådmannens framlegg: utvalet for oppvekst og kultur meiner at det er nytta aksjonsspråk i saksutgreiinga. NVE har gjort det dei har fått bestilling på, utfrå gitte utvalskriterier. Det er Gaular kommune si oppgave å kome med innspel til høyringsfrist. Samrøystes vedteke

OKU- 039/19 Vedtak:

Gaular kommunestyre krev at områda i Gaular kommune vert tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft. Det er knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging i desse fjellområda, og NVE har ikkje grunnlag for å seie at området er mindre konfliktfylt enn andre

område i landet.

Gaular kommune oppmodar OED om å legge fram ei sak for Stortinget der vindkraftutbygging i nedslagsfeltet for verna vassdrag vert vurdert.

05.09.2019 Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

Det vart lagt fram kart over område i Gaular kommune som er berørt, samt kart over vindmølleplassering.

Leiar i Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne Per Kjelstad orienterte om fråsegna og svara på spørsmål.

REF- 029/19 Vedtak:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes godkjend.

11.09.2019 Utval for Helse og Omsorg

Handsaming:

Utval for helse og omsorg drøfta fråsegn til høyring av nasjonal ramme for vindkraft.

Erlend Brede Fossen tok opp spørsmål om ugildskap for nokre av medlemmane i utvalet som er grunneigarar og kan ha avtaleinteresser i høve utbygging av vindkraft.

Kommunalsjef helse og omsorg Kjell Idar Dvergsdal orienterte om at dette har vore drøfta i leiargruppa til rådmannen, der også ordførar Mathias Råheim var med i drøftinga. Der vart det konkludert med at det i denne saka ikkje kan føreligge ugildskap ut frå at det er ei rammeplan og at særinteressar ikkje er så framtrедande i saka.

Kommunalsjefen sa vidare at det kan hende at det må komme ei tydelegare avklaring på spørsmål om ugildskap før handsaming i formannskap og kommunestyre.

Utvalet konkludert med at det må komme ei tydelegare avklaring på spørsmålet om ugildskap før handsaming i formannskap og kommunestyre.

HOM- 040/19 Vedtak:

Rådmannen si tilråding med følgjande tillegg:

Merknad: Spørsmål om ugildskap (som gjeld politisk valde medlemmar i utval, formannskap og kommunestyre som er grunneigarar) vart teke opp av Erlend Brede Fossen. Ber om at dette spørsmålet vert avklara tydelegare før handsaming i formannskap og kommunestyre.

Vedtaket var samrøystes.

11.09.2019 Gaular Ungdomsråd

Handsaming:

Avrøysting: 3 stemte for rådmannen sin tilråding og 2 stemte mot tilrådinga

URÅ- 015/19 Vedtak:

Gaular kommunestyre krev at områda i Gaular kommune vert tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft. Det er knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging i desse fjellområda, og NVE har ikkje grunnlag for å seie at området er mindre konfliktfyllt enn andre

område i landet.

Gaular kommune oppmodar OED om å legge fram ei sak for Stortinget der vindkraftutbygging i nedslagsfeltet for verna vassdrag vert vurdert.

19.09.2019 Formannskapet

Handsaming:

Kommunalsjef Truls Hansen Folkestad møtte under handsaming av saka og svara på spørsmål.

Ordførar orienterte om handsaminga i tidlegare utval, og endeleg avgjerd i kommunestyre i Sunnfjord kommune.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FS- 144/19 Vedtak:

Gaular kommunestyre krev at områda i Gaular kommune vert tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft. Det er knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging i desse fjellområda, og NVE har ikkje grunnlag for å seie at området er mindre konfliktfylt enn andre område i landet.

Gaular kommune oppmodar OED om å legge fram ei sak for Stortinget der vindkraftutbygging i nedslagsfeltet for verna vassdrag vert vurdert.

26.09.2019 Kommunestyret

Handsaming:

I forkant av møtet vart det reist spørsmål frå Erlend Brede Fossen om han er ugild, då han er grunneigar i området som rammeplanen omfattar og har motteke avtale-/kontraktutkast frå ein av utbyggarane.

Rådmannen har også blitt orientert om at Laila Oppedal sin son er grunneigar og også har motteke avtale-/kontraktutkast frå utbyggar.

Vidare er det no blitt kjent at det er nokre andre kommunestyremedlemmer som er grunneigarar eller er i nære relasjonar med personar som er grunneigarar i det omtala området.

Spørsmål om ugildskap har vore vurdert av rådmannen etter å ha konferert med kommuneadvokat og fylkesmannen.

Rådmannen orienterte følgjande om spørsmål om habilitet for medlemmer av kommunestyret, som også er grunneigarar.

Forvaltningslova sine regler om ugildskap gjeld for medlemmer i kommunestyret, jf. kommuneloven § 40 nr. 3.

Etter forvaltningslova § 6 gjeld reglane om ugildskap når kommunestyret treffer «avgjørrelser». Kva som reknast som «avgjørrelser» vert ikkje tolka snevert. I kommentarane til forvaltningslova (Jan Fritjof Bernt) står det m.a.:

Inhabilitetsreglene gjelder også ved avgivelse og forberedelse av uttalelser som er viktige og kan ventes fulgt eller akseptert ved avgjørrelser av andre organer eller av

private.

Ei uttale til nasjonal ramme for vindkraft vil være i denne kategorien, og omfattast av habilitetsreglane.

Grunneigarane vil ikkje være å rekne som partar i forhold til uttalelsen, og dei er difor ikkje automatisk ugilde etter fvl. § 6 første ledd.

Spørsmål om ugildskap må difor vurderast etter den skjønnsmessige regelen i forvaltningslova § 6 andre ledd.

Etter denne bestemmelsen er det eit vilkår om at det må føreligg eit «*særegent forhold*» som er eigna til å svekkje tilliten til representanten sin upartiskhet.

Avgjersla etter fvl. § 6 andre ledd skal bygge på ei konkret skjønnsmessig vurdering. Ved vurderinga skal det m.a. leggjast vekt på om «*avgjørelsen vil innebære en særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen han har nær personlig tilknytning til*».

Som grunneiger i et område der det eventuelt vert åpna for vindkraftutbygging, vil grunneigarane bli sterkt berørt. Dersom det vert opna for utbygging, vil det kunne medføre betydelige inntekter. Økonomiske interesser vil kunne være inhabilitetsgrunn. Ikkje enhver økonomisk interesse vil føre til ugildskap. Det må derfor gjerast ei konkret vurdering av kor stort omfang den økonomiske interessa vil få for kvar enkelt grunneigar. Ei slik konkret vurdering må gjerast uavhengig av om grunneigarar har signert avtale eller ikkje.

I saka som ligg føre kjenner vi ikkje detaljane rundt inntekspotensialet for den enkelte grunneigar, men det kan vere grunn til å tru at det er ein relativt stor økonomisk interesse inne i bildet.

Rådmannen tolkar det slik at det å være grunneigar med økonomiske interesser innan det aktuelle utbyggingsområdet vil være eit særleg forhold som må føre til ugildskap.

Når det gjelder representanten som er mor til ein av grunneigarane, må det vurderast om dette fell inn under kategorien «*noen han har nær personlig tilknytning til*». Foreldre – barn relasjonen er det

Oppsummert meiner rådmannen at dei grunneigarar som har fått førelagt avtale-/kontraktutkast frå utbyggerar må vurderast som ugilde etter fvl. § 6 andre ledd. Andre medlemmer som enten er grunneigarar i området eller er i nære relasjonar med grunneigarar, som ikkje har fått førelagt avtale-/kontrakt, vert kjent gilde i saka.

I folkevalde organ er det organet sjølv som avgjer spørsmålet om habilitet, jf. forvaltningslova § 8 andre ledd. Det må gjerast ei konkret og objektiv vurdering av habiliteten for kvar enkelt representant.

Kommunestyret slutta seg til rådmannen sine vurderingar.

Erlend Brede Fossen og Laila Oppedal gjekk frå som ugilde i saka.

Dei gjekk frå under handsaminga av saka og Leif Bell møtte som vara for Erlend Brede Fossen og Kenneth Gjerde møtte som vara for Laila Oppedal.

Det var komen inn 1 ny merknad til saka. Merknaden vart utdelt i møte.

Det vart halde gruppemøte. Etter gruppemøte vart det presentert 2 framlegg.

Framlegg frå Krf framsett av Jarle Arvid Aase:

Gaular kommunestyre krev at områda i gaular kommune vert lagt inn under arealet i nasjonal ramme for vindkraft, som er ekskludert for utbygging. Det er knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging i desse fjellområda, og NVe peikar sjølvstilt på at det

krevs omfattande konsekvensutgreiingar for å ta endeleg stilling til enkeltområde.

Gaular kommune oppmodar OED om å legge fram ei sak for Stortinget der vindkraftutbygging i nedslagsfeltet før verna vassdrag vert vurdert.

Framlegg frå Sp og H framsett ved Kari Birkeland:

Første avsnitt i formannskapet si tilråding vert endra slik:

Gaular kommunestyre krev at områda i Gaular kommune vert tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft. Det er knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging i desse fjellområda, og det føreligg ikkje nok grunnlag for å seie at området er mindre konfliktfylt enn andre område i landet.

Ordførar ba om slik røysting:

Ein røystar først over framlegget frå Krf, deretter over fellesframlegget frå H og Sp, og til slutt over formannskapet si tilråding.

Kommunestyret slutta seg til dette.

Røysting:

Krf sitt framlegg: 5 røysta for og 16 røysta mot.

Fellesframlegg frå H og Sp: samrøystes vedteke.

Formannskapet si tilråding fell difor bort.

Formannskapet sitt vedtak med endringsframlegget frå H og Sp vart samrøystes vedteke.

KS- 058/19 Vedtak:

Gaular kommunestyre krev at områda i Gaular kommune vert tekne ut av nasjonal ramme for vindkraft. Det er knytt stor usikkerheit til konsekvensane av vindkraftutbygging i desse fjellområda, og det føreligg ikkje nok grunnlag for å seie at området er mindre konfliktfylt enn andre område i landet.

Gaular kommune oppmodar OED om å legge fram ei sak for Stortinget der vindkraftutbygging i nedslagsfeltet før verna vassdrag vert vurdert.

059/19: Finansiering FV57

Rådmannen si tilråding:

1 Det vert gjort vedtak om å finansiere refusjon til Fjaler kommune med 641 203 kroner, som gjeld ekstra arbeid utover opphavsleg tilbod. Beløpet vert dekket av disposisjonsfondet.

2 Det vert gjort vedtak om at avsett kostnad på 897 000 kroner skal dekke påløpt kostnad for 2018, og kostnader som kjem i 2019.

3 Det vert gjort vedtak om å sette planleggjingsarbeidet på vent inntil ein har gjort val av trase og går inn i ny kommune.

22.08.2019 Formannskapet

Handsaming:

Assisterande rådmann Gro Bjørvik møtte og orienterte under handsaminga av saka.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FS- 126/19 Vedtak:

1 Det vert gjort vedtak om å finansiere refusjon til Fjaler kommune med 641 203 kroner, som gjeld ekstra arbeid utover opphaveleg tilbod. Beløpet vert dekket av disposisjonsfondet.

2 Det vert gjort vedtak om at avsett kostnad på 897 000 kroner skal dekke påløpt kostnad for 2018, og kostnader som kjem i 2019.

3 Det vert gjort vedtak om å sette planleggingsarbeidet på vent inntil ein har gjort val av trase og går inn i ny kommune.

26.09.2019 Kommunestyret

Handsaming:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KS- 059/19 Vedtak:

1 Det vert gjort vedtak om å finansiere refusjon til Fjaler kommune med 641 203 kroner, som gjeld ekstra arbeid utover opphaveleg tilbod. Beløpet vert dekket av disposisjonsfondet.

2 Det vert gjort vedtak om at avsett kostnad på 897 000 kroner skal dekke påløpt kostnad for 2018, og kostnader som kjem i 2019.

3 Det vert gjort vedtak om å sette planleggingsarbeidet på vent inntil ein har gjort val av trase og går inn i ny kommune.

060/19: Godkjenning av delavtale mellom Gaular kommune og Helse Førde som gjeld - Tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus

Rådmannen si tilråding:

Delavtale mellom Gaular kommune og Helse Førde HF som gjeld tilvising, innlegging og utskriving frå sjukehus vert godkjend.

05.09.2019 Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

Kommunalsjef helse og omsorg Kjell Idar Dvergsdal orienterte om saka og svara på spørsmål.

REF- 028/19 Vedtak:

Rådmannen si tilråding:

Delavtale mellom Gaular kommune og Helse Førde HF som gjeld tilvising, innlegging og

utskrivning frå sjukehus vart samrøystes godkjend.

11.09.2019 Utval for Helse og Omsorg

Handsaming:

Kommunalsjef helse og omsorg Kjell Idar Dvergsdal orienterte og svara på spørsmål.

HOM- 038/19 Vedtak:

Rådmannen si tilråding:

Delavtale mellom Gaular kommune og Helse Førde HF som gjeld tilvising, innlegging og utskrivning frå sjukehus vart samrøystes godkjend.

26.09.2019 Kommunestyret

Handsaming:

Laila Oppedal kom med følgjande tilleggsframlegg:

Rådmannen si tilråding vart godkjend med følgjande endring.

Syner til punkt 13.4: Transport, 2 avsnitt 1. setning endrast til: Bestilling av drosje bør i hovudregel skje innan klokka 13 dagen før avreise. Pasient/pårørande, helsepersonell og drosjesjåfør må kunne bruke skjønnt ut frå kva som er praktisk når det ikkje har vore mogeleg å halde denne fristen.

Det vart røysta over tilleggsframlegget med slik resultat:

12 røysta for endringsframlegget og 9 røysta mot

Rådmannen si tilråding med tilleggsframlegget vart samrøystes vedteken.

KS- 060/19 Vedtak:

Delavtale mellom Gaular kommune og Helse Førde HF som gjeld tilvising, innlegging og utskrivning frå sjukehus vart godkjend.

Punkt 13.4: Transport, 2 avsnitt 1. setning endrast til: Bestilling av drosje bør i hovudregel skje innan klokka 13 dagen før avreise. Pasient/pårørande, helsepersonell og drosjesjåfør må kunne bruke skjønnt ut frå kva som er praktisk når det ikkje har vore mogeleg å halde denne fristen.

061/19: Tildeling av einerett til Sunnfjord Miljøverk IKS - kommunalt næringsavfall og slam

- 1. Rådmannen** **si** **tilråding:**
Med heimel i anskaffelsesforskrifta § 2-3 tildeler Gaular kommune med dette einerett til Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM) for tømning og mottak av slam frå kommunale slamavskiljarar, mottak av slam frå kommunale reinseanlegg og innsamling, mottak og behandling av avfall frå kommunale

verksemder/institusjonar.

2. Den tildelte eineretten kan delegerast vidare av SUM til selskap som oppfyller vilkåra for å vere offentlegrettslege organ, jf. anskaffelsesforskrifta § 1-2 (2).

19.09.2019 Formannskapet

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

FS- 149/19 Vedtak:

1. Med heimel i anskaffelsesforskrifta § 2-3 tildeler Gaular kommune med dette einerett til Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM) for tømning og mottak av slam frå kommunale slamavskiljarar, mottak av slam frå kommunale reinseanlegg og innsamling, mottak og behandling av avfall frå kommunale verksemdar/institusjonar.
2. Den tildelte eineretten kan delegerast vidare av SUM til selskap som oppfyller vilkåra for å vere offentlegrettslege organ, jf. anskaffelsesforskrifta § 1-2 (2).

26.09.2019 Kommunestyret

Handsaming:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KS- 061/19 Vedtak:

1. Med heimel i anskaffelsesforskrifta § 2-3 tildeler Gaular kommune med dette einerett til Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM) for tømning og mottak av slam frå kommunale slamavskiljarar, mottak av slam frå kommunale reinseanlegg og innsamling, mottak og behandling av avfall frå kommunale verksemdar/institusjonar.
2. Den tildelte eineretten kan delegerast vidare av SUM til selskap som oppfyller vilkåra for å vere offentlegrettslege organ, jf. anskaffelsesforskrifta § 1-2 (2).

062/19: Tildeling av einerett til Sunnfjord Miljøverk IKS - tømning av slam

1. **Rådmannen** **si** **tilråding:**
Med heimel i anskaffelsesforskrifta § 2-3 tildeler Førde kommune med dette einerett til Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM) for utføring av kommunen sine lovpålagte oppgåver med grunnlag i ureiningslova § 26 første og tredje ledd med underliggende forskrifter.
2. Den tildelte eineretten kan delegerast vidare av SUM til selskap som oppfyller vilkåra for å vere offentlegrettslege organ, jf. anskaffelsesforskrifta § 1-2 (2).

19.09.2019 Formannskapet

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

FS- 150/19 Vedtak:

1. Med heimel i anskaffelsesforskrifta § 2-3 tildeler Gaular kommune med dette einerett til Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM) for utføring av kommunen sine lovpålagte oppgåver med grunnlag i ureiningslova § 26 første og tredje ledd med underliggende forskrifter.
2. Den tildelte eineretten kan delegerast vidare av SUM til selskap som oppfyller vilkåra for å vere offentlegrettslege organ, jf. anskaffelsesforskrifta § 1-2 (2).

26.09.2019 Kommunestyret

Handsaming:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken

KS- 062/19 Vedtak:

1.
Med heimel i anskaffelsesforskrifta § 2-3 tildeler Førde kommune med dette einerett til Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM) for utføring av kommunen sine lovpålagte oppgåver med grunnlag i ureiningslova § 26 første og tredje ledd med underliggende forskrifter.
2. Den tildelte eineretten kan delegerast vidare av SUM til selskap som oppfyller vilkåra for å vere offentlegrettslege organ, jf. anskaffelsesforskrifta § 1-2 (2).

063/19: WIFI4EU - Utbygging av gratis WiFi gjennom støtteordning

Rådmannen si tilråding:

Det vert gjort vedtak om å bruke midlane til gratis WiFi sone i Sande sentrum.

Det vert gjort vedtak om å dekke manglande finansiering via driftsbudsjettet.

19.09.2019 Formannskapet

Handsaming:

Assisterande rådmann Gro Bjørvik møtte under handsaming av saka og svara på spørsmål.

Fellesframlegg:

Dersom anboda vert høgare enn tilskotet må saka takast opp igjen

Rådmannen si tilråding med fellesframlegget vart samrøystes vedteken.

FS- 152/19 Vedtak:

Det vert gjort vedtak om å bruke midlane til gratis WiFi sone i Sande sentrum.

Dersom anboda vert høgare enn tilskotet må saka takast opp igjen

26.09.2019 Kommunestyret

Handsaming:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KS- 063/19 Vedtak:

Det vert gjort vedtak om å bruke midlane til gratis WiFi sone i Sande sentrum.

Det vert gjort vedtak om å dekke manglande finansiering via driftsbudsjettet.

064/19: Overdraging av heimelsrett Gbnr. 75/16 Sande kyrkjelydshus

Rådmannen si tilråding:

1) Gaular kommune overdreg heimelsretten på Gbnr. 75/16 med påståande bygningar og

anlegg til Gaular sokn Orgnr. 876 996 332 for kr 50 000,-.

- 2) Den tidlegare avtalen om leigetilhøvet, jfr. KS63/84, fell bort.
- 3) Gaular kommune vil få rett til å nytte avkjørsle og parkering.
- 4) Gaular sokn på tek seg ansvaret for alle kostnader med heimelsovergangen.
- 5) Gaular sokn vert ansvarlege for heile arealet.

15.11.2018 Utval for Oppvekst og Kultur

Handsaming:

Etter sams drøfting i OKU ønskjer utvalet svar på følgjande spørsmål til saka:
Kven skal ha ansvar for vedlikehald av parkeringsplassen og brøyting ved kyrkjelydshuset etter heimelsovergangen. Er det dette som går under punkt 5? Parkeringsplass for kommunal arbeidsplass. Kven skal brøyte parkeringsplassen?
Kor lenge varer bruksretten?

Rådmannes framlegg til vedtak med merknad om ønske om avklaring av tidsperspektiv for kommunen til å nytte avkjørsle og parkering, og avklaring om kven har ansvar for vedlikehald og brøyting.

Samrøystes

OKU- 056/18 Vedtak:

- 1) Gaular kommune overdreg heimelsretten på Gbnr. 75/16 med påståande bygningar og anlegg til Gaular sokn Orgnr. 876 996 332 for kr 50 000,-.
- 2) Den tidlegare avtalen om leigetilhøvet, jfr. KS63/84, fell bort.
- 3) Gaular kommune vil få rett til å nytte avkjørsle og parkering.
- 4) Gaular sokn på tek seg ansvaret for alle kostnader med heimelsovergangen.
- 5) Gaular sokn vert ansvarlege for heile arealet.

Merknad: OKU ønskjer avklaring av avklaring av tidsperspektiv for kommunen sin rett til å nytte avkjørsle og parkering, og avklaring om kven har ansvar for vedlikehald og brøyting.

19.11.2018 Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Handsaming:

Rådet drøfta saka. Rådet meiner at før overdraging av heimelsrett må kommunen lage

sikringskant mot elva på heile parkeringsplassen, samt at det må monterast fleire lys på parkeringsplassen.

REF- 034/18 Vedtak:

Rådmannen si tilråding med følgjande tillegg:

Før overgraving av heimelsrett må Gaular kommune lage sikringskant mot elva på heile parkeringsplassen. Det må også monterast fleire lys på parkeringsplassen.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

21.11.2018 Utval for Helse og Omsorg

Handsaming:

Kommunalsjef helse og omsorg Kjell Idar Dvergsdal orienterte om saka og svara på spørsmål.

HOM- 034/18 Vedtak:

- 1) Gaular kommune overdreg heimelsretten på Gbnr. 75/16 med påståande bygningar og anlegg til Gaular sokn Orgnr. 876 996 332 for kr 50 000,-.
- 2) Den tidlegare avtalen om leigetilhøvet, jfr. KS63/84, fell bort.
- 3) Gaular kommune vil få rett til å nytte avkøyrsløp og parkering.
- 4) Gaular sokn på tek seg ansvaret for alle kostnader med heimelsovergangen.
- 5) Gaular sokn vert ansvarlege for heile arealet.

Samrøystes godkjend

27.11.2018 Formannskapet

Handsaming:

Etter sams drøfting valde formannskapet å vise til spørsmåla som OKU tok opp i handsaminga.

Det er viktig å få avklart dei spørsmåla som OKU tek opp under handsaminga av saka, som er følgjande:

Kven skal ha ansvar for vedlikehald av parkeringsplassen og brøyting ved kyrkjelydshuset etter heimelsovergangen. Er det dette som går under punkt 5? Parkeringsplass for kommunal arbeidsplass. Kven skal brøyte parkeringsplassen?

Kor lenge varer bruksretten?

Formannskapet valde å utsette saka til dei problemstillingane som OKU har reist spørsmål

om, er avklara.

FS- 125/18 Vedtak:

Formannskapet valde å utsette saka fram til følgjande spørsmål er avklara:

Kven skal ha ansvar for vedlikehald av parkeringsplassen og brøyting ved kyrkjelydshuset etter heimelsovergangen. Er det dette som går under punkt 5?

Parkeringsplass for kommunal arbeidsplass. Kven skal brøyte parkeringsplassen?

Kor lenge varer bruksretten?

20.06.2019 Kommunestyret

Handsaming:

Saka vart trekt av administrasjonen

KS- 045/19 Vedtak:

Saka vart trekt av administrasjonen.

22.08.2019 Formannskapet

Handsaming:

, foreslått av ,

Assisterande rådmann Gro Bjørvik møtte og orienterte under handsaminga av saka.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

FS- 125/19 Vedtak:

1) Gaular kommune overdreg heimelsretten på Gbnr. 75/16 med påståande bygningar og anlegg til Gaular sokn Orgnr. 876 996 332 for kr 50 000,-.

2) Den tidlegare avtalen om leigetilhøvet, jfr. KS63/84, fell bort.

3) Gaular kommune vil få rett til å nytte avkøyrse og parkering.

4) Gaular sokn på tek seg ansvaret for alle kostnader med heimelsovergangen.

5) Gaular sokn vert ansvarlege for heile arealet.

26.09.2019 Kommunestyret

Handsaming:

Kommunalsjef Truls Hansen Folkestad og assisterande rådmann Gro Bjørvik møtte og svarte på spørsmål.

Norunn Lunde Furnes kom med forslag om tillegg til pkt 3:

Kommunen må betale for vedlikehald og snøbrøyting i høve faktisk bruk.

Framlegg frå Anne Lilleaasen:

Nytt pkt 6. Kommunen dekkjer snøbrøyting og vedlikehald på parkeringsområde så lenge dei nyttar parkeringsområde.

Atle Hoff kom med forslag om gruppemøte .

Anne Lilleaasen og Norunn Lunde trekte sine endringsframlegg etter gruppemøte.

Det vart framsett felles endringsframlegg:

Som eit tillegg til pkt 3. Så lenge kommunen disponerer parkeringareal og avkøyrsl betaler kommunen for vedlikehald og snøbrøyting i høve faktisk bruk.

Det vart røysta over tilleggsframlegget:

Endringsframlegget vart samrøystes vedteken.

Det vart røysta over formannskapet sitt framlegg med tillegg til pkt 3

Formannskapet si tilråding med tilleggget vart samrøystes vedteken.

KS- 064/19 Vedtak:

1) Gaular kommune overdreg heimelsretten på Gbnr. 75/16 med påståande bygningar og anlegg til Gaular sokn Orgnr. 876 996 332 for kr 50 000,-.

2) Den tidlegare avtalen om leigetilhøvet, jfr. KS63/84, fell bort.

3) Gaular kommune vil få rett til å nytte avkøyrsl og parkering. Så lenge kommunen disponerer parkeringareal og avkøyrsl betaler kommunen for vedlikehald og snøbrøyting i høve faktisk bruk.

4) Gaular sokn på tek seg ansvaret for alle kostnader med heimelsovergangen.

5) Gaular sokn vert ansvarlege for heile arealet.

065/19: Overføring av heimlar til Gaular Sokn

Rådmannen si tilråding:

Det vert gjort avtale om å godkjenne vedlagte avtale.

Det vert gjort vedtak om å overføre følgjande eigedommar til Gaular Sokn. Dette gjeld eigedommane Gbnr. 118/17, 118/13, 118/54, 118/41, og 43/23.

19.09.2019 Formannskapet

Handsaming:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

FS- 151/19 Vedtak:**Rådmannen si tilråding:**

Det vert gjort avtale om å godkjenne vedlagte avtale.

Det vert gjort vedtak om å overføre følgjande eigedommar til Gaular Sokn. Dette gjeld eigedommane Gbnr. 118/17, 118/13, 118/54, 118/41, og 43/23.

26.09.2019 Kommunestyret**Handsaming:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KS- 065/19 Vedtak:

Det vert gjort avtale om å godkjenne vedlagte avtale.

Det vert gjort vedtak om å overføre følgjande eigedommar til Gaular Sokn. Dette gjeld eigedommane Gbnr. 118/17, 118/13, 118/54, 118/41, og 43/23.